



Florø hamn



Felles avfallsplan for hamner i Kinn kommune (sør for Bremanger)

Del A

Utarbeida første gang	Nov 2011
Sist revidert	Sep. 2024
Sist godkjent	07.04.21
Er det gjort endringar sidan førre godkjenning?	Ja

Endringskatalog

Dato	Kapittel/vedlegg	Endring	Ansvarleg
Juni 14	Alle kapittel	Inkl. småbåthamner og industrihamner	Jostein L. Bergset
Januar 15	Alle kapittel	Splitta avfallsplanen	Jostein L. Bergset
Oktober 15	2 C	Lagt inn kai ved fmv	Jostein L. Bergset
Desember 17	Alle kapittel	Endre kontaktinfo	Jostein L. Bergset
November 18		Endra kontaktinformasjon	Linda Mortensen Midtbø
Januar 21		Oppdatert kontaktinformasjon, namn på hamneselskapet (Florø hamn KF) og namn på kommunen (Kinn kommune). Pelagia avd Florø er endra til Global Fish avd	Linda Mortensen Midtbø

		Florø.	
September 24	Kap. 2 offentlege kaier Kap 3 Vedlegg	Lagt til Botnastranda kai G. Oppdatert kart over kaiene.	Ørjan Storesund

Innleiing

Florø hamn KF har laga ein 2-delt avfallsplan der del A inkluderer offentlege hamner og industrihamner i Kinn Kommune sitt sjøområde sør for Bremanger, og del B omfattar private småbåthamner. Sjå vedlegg "4b" for oversiktskart over hamna.

Florø hamn KF har plan for behandling av avfall for følgjande offentlege hamner

- Fugleskjærkaia
- Gunhildvågen hamneterminal
- Offentleg kai Botnastranda aust
- Fiskerikaia Hesteneset
- Torgkaia (Amtskaia)
- Flytebrygge ved Amfi
- Flytebrygge ved gamle fisketorget
- Kringleskjæret
- Kaier i øyane (Svanøy, Veiesund, Askrova, Rognaldsvåg, Skorpa, Fanøy, Barekstad, Villevika, Nekkøy).
- Gjestebrygga i Florø
- Botnastranda kai G

Planen baserer seg på erfaringsdata samt estimat for drift og fartøytyper som bruker denne terminalen. Estimat lagast på basis av berekningstabellen i denne planen.

Andre hamner som er nemnt i Florø hamn KF sin felles avfallsplan

- EWOS Florø
- Global Fish avd Florø
- Felleskjøpet Avd. Florø (under nedlegging)
- Westcon Yard Florø
- Fjord Base
- Slakteriet

- Norwegian Sandstone Export

Florø Hamn KF inkluderer følgende private hamner i ein felles avfallsplan

- Kanalen Båthavn
- Furuholmen Båthavn
- Breivika Båthavn
- Bryggelaget Gunhildvågen Sør
- Gunhildvågen Flytebryggelag Nord
- Klubbevika bryggelag
- Nordnes bryggelag

Innhald

1. Generelt
2. Offentlege kaier
 - a. Fugleskjærskai
 - b. Gunhildvågen hamneterminal
 - c. Offentleg kai Botnastranda aust
 - d. Fiskerikaia Hesteneset
 - e. Torgkaia (Amstkaia)
 - f. Flytebrygge ved Amfi
 - g. Flytebrygge ved gamle Fisketorget
 - h. Kringleskjæret
 - i. Kommunale kaier i øyane:
(Svanøy, Veiesund, Askrova, Rognaldsvåg, Skorpa, Fanøy, Barekstad, Villevika og Nekkøy)
 - j. Gjestebrygga i Florø
 - k. Botnastranda kai G
3. Private industrihamner
 - a. EWOS avd Florø
 - b. Global avd Florø
 - c. Felleskjøpet avd. Florø

- d. Westcon Yard Florø
- e. Fjord Base
- f. Slakteriet
- g. Norwegian Sandstone Export

4. Vedlegg

1. Generelt

1.1 Formål og verkeområde

Formålet med avfallsplanen er å tilfredsstille forskrifta sin hensikt med å verne det ytre miljø ved å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, og sørge for at avfall og lasterestar frå skip blir vidarelevert til godkjente behandlingsanlegg.

Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip gjelder:

- Alle norske og utanlandske skip, irekna fiskefartøy, fritidsbåtar, krigsskip, militære hjelpefartøy eller andre skip som eigast eller drivast av den norske eller av ein utanlandsk stat, som anløper norsk hamn.
- Alle norske hamner som normalt anløpast av skip som omfattast av 1. kulepunkt.
- Kapitel 3, § 7 og 8, om melding og levering, gjelder for norske skip som anløper hamn innanfor EØS-området.

1.2 Ansvar, organisering og plikter

Denne planen er forankra i forskrift om avgrensing av forureining (forurensningsforskriften) kapittel 20 (FOR-2004-06-01-931) som omhandlar levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle kommunar har etter forskrifta ein plikt til å utarbeide ein felles avfallsplan for hamner i egen kommune, både private og kommunale, som hovudsakleg mottar hushaldningsavfall (småbåthamner), jf. forurensningsforskriften § 20-6. Det vil framleis vere den enkelte hamneansvarlege som er forplikta til å følge opp avfallsplanen.

Småbåthamner som ikkje bidrar med nødvendige opplysingar til kommunen, må utarbeide ein egen avfallsplan.

Skipsfører skal sørge for at avfall og lasterestar frå skipet blir levert til mottaksordning i hamn før avgang, med mindre skipet har akseptabel lagringskapasitet for seinare levering. Nærmare beskriving av ansvar og plikter er angitt i forskrifta, sjå vedlegg 8.

Rammevilkår

1.3 MARPOL og EU-direktiv

MARPOL 73/78 er ein internasjonal konvensjon om hindring av forureining frå skip med seinare endringar som fastset kva former for avfall det er

forbode å sleppe ut i havmiljø, og som krev at det ligg føre tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner.

EU har vedtatt eit direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip (Direktiv 2000/59/EC, av 27.11.2000). føremålet er å hindre at avfall dumpast i sjøen, og for å unngå dette i størst mogleg grad er det lagt opp til ein ikkje-spesifikk avgift (``no special fee``) for levering av avfall, sjå pkt. 5.2.

1.4 Forskrift om avgrensing av forureining (forurensningsforskriften)

Forskrifta, som ein implementering av ovanståande EU-direktiv, og med heimel i bl.a. forurensingsloven, blei vedtatt 29.06.07 med gyldigheit frå 1. juli 2007 og ligger vedlagt som vedlegg 8.

1.5 Forurensningsloven m/forskrift om farleg avfall

Forskrift om avgrensing av forureining (forurensningsforskriften) kapittel 20, (FOR-2004-06-01-931) forskrift om mottak av avfall og lasterestar frå skip. Forskrifta blei først vedtatt 12. oktober 2003 som ein implementering av EUs direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, direktiv 2000/59/EF 27. november 2000, endra ved direktiv 2002/84/EF.

Fram til då hadde kommunane eit ansvar for deler av avfallet som reknast som forbruksavfall og som leverast i hamnene. Etter lovendringa reknast dette avfallet som næringsavfall, og det vil ikkje vere kommunen som har plikt for mottak og vidarehandtering av dette. Kommunane kan likevel velje å tilby tilsvarande teneste.

Forskrift om farleg avfall er heimla i forurensingsloven og inneber også skip og hamneansvarlege må halde seg til denne. Eigargar av næringsavfall som er farleg avfall skal deklarerer mengde og type på eige skjema. Forskrifta er omtalt i vedlegg 8 og vist til under pkt. 9.

Av praktiske og kompetansemessige årsaker kan det vere aktuelt at farleg avfall på vegne av skipsførar, deklarerast gjennom skipsagenten eller den som tar imot avfallet. Det kan også vere aktuelt at dei mest vanlege farlege avfalls-typene som tilsvara farleg avfall frå hushaldningar, kan leverast udeklarert til låste miljøstasjonar, og at vidare deklarerer av det farlege avfallet kan gjerast av innsamlar/godkjent mottakar av avfallet. Ei anna løysing er også bruk av såkalla «røde boksar» for mindre mengder farleg avfall/elektronikkavfall. Tilbakemelding frå SFT inneberer at det må søkast dispensasjon om levering av deler av farleg avfall som omtalt ovanfor. NRF vil utarbeide ein slik søknad, og svaret på denne vil ligge på NRF sine heimesider, www.nrfo.no.

Forskrifta inneberer blant anna at:

- alle hamner skal ha ein avfallsplan som skal utarbeidast i samråd med rørte parter, irekna spesielt brukarar av hamna. Planen skal godkjennast av statsforvaltaren minst kvart tredje år.
- Hamneansvarlege må etablere mottaksordningar i høve til planen.
- Båtførar må gjere seg kjent med kva for avfallsordningar som er i hamna.
- Dersom båtførar meiner hamna ikkje har tilstrekkelege mottaksforhald for aktuell avfallstype, kan dette meldast til hamneansvarleg som etter nærmare prosedyre følger opp dette.

Sjøfartsdirektoratet og statsforvaltaren er ansvarleg myndigheit og fører tilsyn med at føresegnene i forskrifta følgast.

I forskrifta er fleire relevante omgrep definert. Definisjonane er lista opp nedanfor for å sikre at alle rørte partar er gjort kjent med desse.

1.6 Skipsavfallsdirektivet

Direktiv/2000/59/EF (skipsavfallsdirektivet) omhandlar mottaksanlegg for skipsavfall i hamner, irekna skipet si plikt til å levere avfall og til å gi førehandsvarsel om avfallslevering. Direktivet har som målsetting å beskytte havmiljøet ved å redusere utslepp av skipsavfall og lasterestar frå skip, gjennom å betre tilgangen til og bruken av avfallsmottak. Direktivet gjelder i utgangspunktet for alle skip, uansett størrelse, som nytta hamner innanfor EU-området. Tilsvarande gjelder direktivet for alle hamner som normalt tar i mot skip som omfattast av direktivet. Skip er i samsvar til direktivet definert som eit kvart sjøgåande/havgåande fartøy, og verkeområdet til direktivet er difor avgrensa til hamner knytt til saltvatn.

1.7 Avfallsforskriften

Avfallsforskriften kapittel 11 om farleg avfall er heimla i forurensningsloven og inneberer også at skip og hamneansvarlege må halde seg til denne. Forurensningsloven vart endra med verking frå 1. juli 2004. Etter lovendringa reknast forbruksavfall frå næringslivet som næringsavfall.

Den som eig farleg avfall skal deklarerer mengde og type på eige deklarasjonsskjema. Deklareringsplikta gjeld berre for verksemd. Dessutan har alle plikt til å handtere avfall forsvarleg.

1.8 Bransjeavtaler. Kjeldesortering

For å vinne att visse andelar av emballasjeavfall er det mellom forskjellige bransjeselskap og Miljøverndepartementet inngått avtalar. Bransjeselskapa plikter seg til å arbeide for å vinne att material/energi av deler av oppståtte mengder. Produsentansvar gjennom slike bransjeavtaler er inngått for bl.a: drikkekartong, kartong, papp, plast (folie, flasker/kanner samt EPS) og metallemballasje. Det er ikkje noko pålegg å sørge for utsortering og levering til etablerte ordningar, men hamnene kan gå i forhandlingar med

bransjeselskapa om vilkår for kostnadsdekning av slike innsamlings-/leveringsløyningar. For elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) er det også et produsentansvar som er heimla i eigen forskrift. Denne inneber ei plikt for dei som omsettar slike produkt å ta desse imot utan særskilt betaling. Hamneansvarlege må sørge for å kanalisere slike mottak til godkjente mottaksordningar. For KFK-holdige kuldemøblar (kjøleskap, frysarar) kan/skal mottaka ta betalt for mottak av slikt avfall frå næringsverksemdar. Ytterlegare produsentansvar er signalisert vil kome og det kan vere ønskeleg å legge til rette for særskilt sortering av også andre fraksjonar. Det er ønskeleg at skipsførarane og hamnene gjennom sine avfallsordningar legg til rette for ein viss grad av sortering og at dette gjenspeiler seg i gebyrordningane i dei enkelte hamner.

1.9 Definisjonar

1. avfall frå skip: ein kvar form for avfall, irekna kloakk, og andre rester enn lasterestar som oppstår når eit skip er i drift, og som omfattast av vedlegga I (olje), IV (kloakk), V (søppel) og VI (utslepp til luft) til MARPOL 73/78,¹ og lasterelatert avfall som definert i retningslinene for gjennomføringa av vedlegg V til MARPOL 73/78,
2. lasterestar: rester av lastematerial i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, irekna også restmengder og søl ved lasting/lossing,
3. skip: ein kvar type sjøgåande fartøy som opererer i det marine miljø, inklusive hydrofoilbåtar, luftputefartøy, undervassfartøy og flytande innretningar.
4. fritidsbåt: ein kvar flytande innretning som er berekna på og i stand til å bevege seg på vatn, og som brukast utanfor næringsverksemd.
5. hamn: ein stad eller geografisk område som er utstyrt med innretningar og utstyr som gjer det mogleg å motta skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy,
6. norsk hamn: hamn som er undergitt norsk jurisdiksjon, irekna Svalbard og Jan Mayen.
7. EØS-område: i denne forskrifta skal ein tilvising til EØS-området også gjelde som ein tilvising til Svalbard og Jan Mayen.
8. hamneansvarleg: den som driv hamna. Der ingen driv hamna, er eigar av hamna å sjå som hamneansvarleg.
9. mottaksordning: ein kvar innretning som er eigna til å motta avfall eller lasterestar frå skip. Dette inkluderer stasjonære innretningar, så vel som flytande og mobile einingar.

10. rutegående skip: skip som transporterer passasjerar eller last mellom bestemte stadar eller bestemte strekningar til faste tider.

1.10 Spesielle lovar, reglar og føresegner for hamner og skip

I lista nedanfor finn du enkelte lovar og forskrifter som også regulerer forhold vedrørende avfallshandtering i hamner og på skip, utan at desse er gjengitt i vedlegg eller omtalast nærmare:

- Lov om skipstryggleik (skipssikkerhetsloven) av 16. februar 2007 nr. 9
- Lov om statskontroll med Skibes Sjødyktighet m.v. av 09.06.03, nr. 7
- Forskrift om forbod mot utslepp av kloakk m.m. frå skip i vassdrag og kystnære områder av 12.06.98, nr. 663
- Forskrift om miljømessig tryggleik for skip og flyttbare innretningar av 30. mai 2012 nr. 488
- Forskrift om avgrensing av forureining av 1. juni 2004 nr. 931 kap 21 om forbod mot forbrenning til sjøs.
- Forskrift om hindring av forureiningar ved skadelege, flytande stoff som transporterast i bulk av 02.04.87, nr.230
- Forskrift om forbod mot forbrenning til sjøs av 12.04.97, nr.1443 (gjelder landgenerert avfall)
- Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.92, nr.1269
- Forskrift om transport av farleg last om bord på norske skip av 8. desember 2009 nr. 1481
- Eventuelle vedtekter for den enkelte hamn (må ikkje vere motstridande med krav i hht forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar fra skip)

2. Offentlege kaier

a. Fugleskjærkaia

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Behovet for mottaksanlegg (Tekst i kursiv angir farleg avfall) – Sjå kart i vedlegg "4c"

Avfallstype (eksempel)	Mengde	Avfallsaktør/Renovatør
1. Spillolje		
<i>Smørolje</i>	3	Florø Havneservice AS
<i>Oljeholdig slam</i>	0	SAR AS
<i>Oljeholdig lensevatn</i>	15	SAR AS
<i>Oljeholdig avfall (fast)</i>	0	SAR AS
2. Vanleg avfall		
Matavfall	20	SAR AS
Plast, blanda	1	SAR AS
Restavfall, blanda	60	SAR AS
<i>EE-avfall</i>	2	EL-Kjøp Florø AS
<i>Farleg avfall (små mengder)</i>	0	SAR AS
3. Lasterelatert avfall (spesifiser)		
Lastemateriale/søl fra rom/tankar	0	SAR AS
4. Lasterestar (spesifiser)	16	SAR AS
<i>Olje- og kjemikalie-holdig slam/vatn frå tankar</i>	0	SAR AS
Kloakk	0	SAR AS
<i>Farleg avfall (store mengder; målerestar, botnstoff)</i>		SAR AS
5. Kildesortering		
Papir	3	SAR AS
Papp og rein plastfolie	3	SAR AS
Plast-folie	5	SAR AS
Plast-flasker/kanner	1	SAR AS
Plast-EPS (isopor)	1	SAR AS
Aluminiumsboksar	0	SAR AS
Glas og metall (emballasje)	0	SAR AS
Metall	10	SAR AS
Treverk	50	SAR AS

Skildring av mottaksanlegg

(Tekst i kursiv angir farleg avfall) – Sjå kart i vedlegg "4c"

	Avfallstype (eksempel)	Omfattar	Leverings- /Behandlingsmåte
N o	1. Spillolje		
	<i>Smøreolje</i>	<i>All bruk motor- og smøreolje</i>	Retursystem, 100m ³

Del A – Felles avfallsplan for offentlege hamner og industrihamner

S p e c i a l	<i>Oljeholdig slam</i>	<i>Ureint slam fra motor- og aggregatrom</i>	Særskilt henting. Utskiltast og gjenvinnast. SAR AS
	<i>Oljeholdig lensevatn</i>	<i>Ureint vatn frå reinhald og vedlikehald i motor- og aggregatrom</i>	Særskilt avhenting. Utskiltast og gjenvinnes. SAR AS
	<i>Oljeholdig avfall (fast)</i>	<i>Absorbenter og filler</i>	Til låsbar miljøstasjon.
F e e	2. Vanleg avfall		
	Matavfall	Matrestar frå kjøkken, bysse, restaurant	Leverast til lukka container eller bestilt container kaiside. SAR AS
	Plast, blanda	Folie, reine flasker/kanner	Leverast til merket container eller bestilt container kaiside. SAR AS
	Restavfall, blanda	Alle avfallsfraksjoner unntatt farleg avfall	Leverast til merket container eller bestilt container kaiside. SAR AS
	<i>EE-avfall</i>	<i>Elektriske og elektroniske produkt</i>	Til merka mottak for EL-Kjøp på Fugleskjærskai.
	<i>Farleg avfall (små mengder)</i>	<i>Miljøfarlege batteri</i>	Retursystem Florø Bil og Havneservice, Fugleskjærskai vest
E g g e n B e t t a l l i n g	3. Lasterelatert avfall (spesifiser)		
	Lastemateriale/søl fra rom/tankar	Spesifikt for det enkelte anløp. Kan vere farleg avfall	Særskilt henting. Til spesialbehandling (SAR AS)
	4. Lasterestar		
	<i>Olje - og kjemikalie – holdig slam/vatn</i>	<i>Oljeholdig vann og annet forureina vatn, eks. vaskevatn</i>	Særskilt henting. Til spesialbehandling. SAR AS
	Kloakk	Pumpbar kloakk	Hentast særskilt av SAR AS
	<i>Farleg avfall (store mengder; målerestar, bunnstoff med meir)</i>	<i>Spesifiserast og skal deklarerast på særskilt skiema</i>	Hentast særskilt av SAR AS

Fugleskjærskai er eit trafikalt knutepunkt i Florø sentrum for både passasjerar og last over kai. Fugleskjærskai terminal har kaiplass til fleire hurtiggåande båtar som trafikkerer Florøbassenget og 4 daglege anløp av Bergen-Nordfjord hurtigbåten. Kystruta anløper to gangar i døgnet for lasting/lossing av gods samt for å ta om bord passasjerar. Terminalen vert elles brukt til bunkring av skip, anløp av stykkgodsbåt, bulkskip, containerskip, fiskefarty, cruiseskip og tankskip. Det går mykje last over kai, i tillegg til ein del omlast mellom tankskip og ventekai for offshoreskip.

Florø hamn KF vurderer at dagens tilbud iht. avfallsplanen er tilstrekkeleg etter dagens trafikk og behov.

Prosedyre for mottak og innsamling av avfall og lasterestar frå skip

Mottak etter ny plan ved Fugleskjærskai :

- Restavfall/matavfall vert oppsamla i lukka containerar, som vert levert til sortering.
- All deklart spillolje vert levert til tank hos Florø Bil og Havneservice AS.
- Oljeholdige filler og filter vert tekne hand om i låsbar spesialcontainer.
- Kasserte batteri skal leverast til batterimottaket til Florø Bil og Havneservice AS, på vestre Fugleskjærskai, som står for levering til gjenvinning.
- EE-avfall skal leverast til container for elektrisk/elektronisk apparat på området vest for «Nybø-bygget» i tilknytning til Fugleskjærskai.
- Florø hamn KF har avtale med SAR AS, som sørger for henting og forsvarleg vidarebehandling av avfallet. Avfallet hentast på anrop.

Gebyrssystem

Mottaksordningane skal vere sjølvfinansierande. Dette inneberer at alle særskilte omkostningar vedrørande administrasjon/informasjon, mottak, vidare handtering av avfall frå skip og faktureringskostnader, forbundet med forskrifta, skal dekkast av dei skip som anløper hamna.

Omfanget av gebyret skal i utgangspunktet reknast på grunnlag av skipstype, bruttotonasje, antall seilingsdøgn sidan førre hamn, tal tillate passasjerar/besetningsmedlemmar for dei som ikkje fører passasjerar og i nokon grad dei mengder som leverast. Ved berekning av dei teoretiske avfallsmengdene for hamna er det tatt utgangspunkt i tabellane seinare i dette kapittelet, komplettert med erfaringsdata i den grad dei ligg føre.

For lasterelaterte avfall, lasterestar og større mengder farleg avfall skal den enkelte avfallseigar betale særskilt for dette basert på verkelege mengder. Særskilt betaling kan også skje dersom avfallsmengda i vesentleg grad overskrider dimensjonerande avfallsmengder som «no special fee» er berekna på grunnlag av. Det er også aktuelt å ta tilleggsvederlag for særskilte forhold.

Under vanleg dagleg drift vil Florø hamn KF bruke rutinane i Portwin ved berekning og fakturering av avfallsgebyr.

Det vil si at det ligg føre følgande reglar for berekning av «no-special-fee» avfall:

- G – for oljeavfall
- H – for oljeavfall
- I – for kloakk og søppel

Gebyr for oljeavfall bereknast etter fartøyet sin bruttotonasje samt tal seilingsdøgn sidan forrige hamn. For kloakk og søppel reknast gebyr etter tal personar/besetningsmedlemmar som skipet har tillatelse til å transportere, samt antall seilingsdøgn sidan siste hamn. I Portwin opererast det med begrepet avfallsoner, noko som er meint å definere tal seilingsdøgn sidan forrige hamn.

Avfallssoner er som følger:

- Sone 1 på alle eksisterande norske hamner.
- Sone 2 på alle EU hamner.
- Sone 3 på andre hamner.

For oljeavfall, avfall og kloakk skal det i utgangspunktet betalast ein ikkje spesifikk avgift (no special fee) uansett om det leverast avfall eller ei.

«No special fee»

Eit ikkje-spesifikk vederlag for levering av avfall. Denne skal dekke det «vanlege» avfallet som eit skip kvitter seg med ved kaianløp. Reknast for alle fartøy som nyttar kaia, med unntak av dei som har avtalefesta avfallslevering i andre hamner.

Prosedyre for innberetning av påstandar om utilstrekkelege mottaksanlegg

For å ivareta hamna sin plikt ihht forskrifta og for å høyne standarden på mottaksordningane skal det leggst til rette for ein avviksrapportering. I vedlegg 7 er det utarbeida eit avviksskjema for dette. Avvikskjemaet skal sendast hamneansvarlege som journalfører dette, og hamneansvarleg skal innan 3 veker gi tilbakemelding om korleis avvikt vil bli løyst. Dersom avfallseigar ikkje er nøgd med tilbakemelding kan denne klagast på til Statsforvaltaren.

Dimensjonerande avfallsmengder

Hamna har tatt imot avfall frå skip i lang tid og har erfaring med å handtere avfallsmengder frå skip i den grad det har vore etterspørsel frå skipa. Erfaringane er supplert med estimat over forventa avfallsmengder basert på

normal skipstrafikk og tabellane seinare i kapittelet. Tabellane er tolka og brukt ut frå ein praktisk synsvinkel.

Lastemateriale og lasterestar

Omfattar restar av lastemateriale i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, t.d. restmengder og søl ved lasting/lossing. Omfattar også lasterestar av olje og farlege stoff, samt vaskevatt frå tankar som har vore brukt til farlege flytande stoff i bulk. For alle lasterestar skal det betalast særskilt etter mengde som leverast.

Informasjon og rapportering ved anløp til hamna

Skipsfører på alle skip undervegs til ei hamn, unntatt rutegående skip og fritidsbåtar godkjent for maks 12 personar, skal gi melding om levering av avfall og lasterestar i hamna til hamneansvarleg eller den han utpeiker. I forskrifta er det angitt eit skjema for utfylling av skipsfører som skal meldast seinast 24 timer før anløp. Skjemaet syner likevel ikkje godt nok spesifisert og eige skjema er utarbeida, sjå vedlegg 4.

For farleg avfall skal det deklarerast på eit eige skjema, sjå vedlegg 5, som skal vidaresendast til SFT innan den 15. i etterfølgande månad. Hamneansvarleg er også pliktig å føre ein samleoversikt over deklarasjonsskjema, kfr. Pkt. 7.2.

Vidarerapportering til andre hamner og myndigheiter

Dersom skipsfører vel å ta med seg avfall vidare til anna hamn innafor reglane i forskrifta sin §8, kan det vere grunn til å rapportere dette til neste hamn. Dersom det er klare bevis for at eit skip har forlate hamna utan at krava i første ledd er oppfylt, skal hamneansvarleg melde frå om dette til Sjøfartsdirektoratet som igjen skal informere rette myndigheit i neste anløpshamn.

Hamneansvarleg plikter å journalføre diverse opplysningar om farleg avfall og oppbevare desse i minst 3 år. Opplysningane kan av Statsforvaltaren bli pålagt å sendast vidare.

Tabelloversikt

Dimensjonerande data/avfallsmengder for skipstyper i hht Portwin-registeret Interconsult ASA (IC) gjennomførte i 2002 eit oppdrag for Borg Hamn, Oslo Hamnevesen og Grenland Hamn. Oppdraget var ein mengdestudie av produsert avfall for dei forskjellige skipstypene basert på tilgjengeleg litteratur og ei spørjeundersøking gjennom Rederienes Landsforening og Fraktefartøyenes Landsforening der 107 skip svarte.

Hamna har tatt imot avfall frå skip i lang tid og har erfaring med å handtere avfallsmengder frå skip i den grad det har vore etterspørsel frå skipene. Erfaringane er

supplert med estimat over forventede avfallsmengder basert på normal skipstrafikk og tabellane seinare i kapittelet. Tabellane er tolka og brukt ut frå ein praktisk synsvinkel.

K.Jansen AS

K. Jansen AS er speditør og skipsagent stasjonert på Fugleskjærskai. Dei er hovudaktøren på Fugleskjærskai, og er agent og/eller speditør opp mot dei fleste fartøya som anløper. Ofte blir avfallstenester levert til fartøy gjennom dei. Ved mottak av større mengder oljeholdig slam/bunnvatn bruker K.Jansen AS også SAR Florø som renovatør. K.Jansen AS oppbevarar avfallsmeldingar frå skip som anløper Fugleskjærskai som dei sjølve er agent for.

b. Gunhildvågen hamneterminal

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Florø hamn KF si kai i Gunhildvågen vert i hovudsak brukt av Global og K-Jansen for eksport av pallelast og som omlastingshamn for EWOS sine bulkfartøy. Kai blir også brukt som ventekai for offshorefarty. Florø hamn tar ikkje imot avfall ved denne kai. Fartøya visast til Fugleskjærskai ved levering av avfall. Denne kai er også on/off ISPS kai.

c. Offentleg kai Botnastranda aust

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Florø hamn KF si kai Botnastranda aust vert brukt som opplagskai og verkstadskai. Kai blir også i liten grad brukt som ventekai. Florø hamn tar ikkje imot avfall ved denne kai. Fartøya visast til Fugleskjærskai for levering av skipsavfall. Denne kai er også on/off ISPS kai.

d. Fiskerikai Hesteneset

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Florø hamn KF si fiskerikai på Hesteneset, vest av Felleskjøpet, vert brukt som opplagskai, ventekai og servicekai for fiskeflåten. Florø hamn

tek ikkje imot avfall ved denne kaia. Fartøya visast til Fugleskjærskai for levering av skipsavfall.

e. Torgkaia

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Torgkaia vert brukt som fast plass til redningsselskapet sine farty. I tillegg til ventekai for Kystverket og Sjøkartverket sine farty ved operasjonar i nærområdet. Å opprette eit eige mottakssystem for denne hamna vil påføre brukarane urimelege kostnader. Ved levering av avfall vert fartøya vist til Fugleskjærskai.

f. Flytebrygge ved Amfi

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Flytebrygga vert brukt av mindre fiskebåtar og brønnbåtar. Fartøy legger seg ofte der for å proviantere. Å opprette eit eige mottakssystem for denne hamna vil påføre brukarane urimelege kostnader. Ved levering av avfall vert fartøya vist til Fugleskjærskai.

g. Flytebrygge ved gamle Fisketorget

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Flytebrygga vert brukt som fast plass til veteranbåten Atløy. Det er planlagt sal eller utleige av inntil ti faste båtplassar. Flytekaia bli nytta av andre fartøy som ventekai. Flora hamn tar berre imot restavfall ved denne kaia. Fartøya visast til Fugleskjærskai ved levering av anna avfall.

h. Kringleskjæret

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Kringleskjæret vert brukt som opplagskai og/eller ventekai for mindre fiskebåtar og servicebåtar for oppdrettsnæringa. Å opprette eit eige mottakssystem for denne hamna vil påføre brukarane urimelege kostnader. Ved levering av avfall vert fartøya vist til Fugleskjærskai.

i. Kommunale kaier i øyane
(Svanøy, Veiesund, Askrova, Rognaldsvåg, Skorpa, Fanøy, Barekstad, Villevika og Nekkøy)

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Dei kommunale kaiene i øyane er berre tileigna og bygd for anløp av hurtigbåtane (Kombi-hurtigbåt med bildekk). Desse går i fast rute frå Florø og ut på øyane med fast liggeplass på Fugleskjærskai. Desse fartøya leverer avfall ved Fugleskjærskai.

Det kan elles nemnast at kommunen har satt ut ein 10" hyttecontainer på kvar enkelt ferjekai. Desse vert i hovudsak brukt av hyttefolket, men kan også brukast av fritidsbåtar.

Hyttecontainerane vert ein gong i veka lasta om bord i kombi-hurtigbåtane og frakta inn til Fugleskjærskai der SAR hentar og tømmer container før dei vert frakta ut igjen på øyane i løpet av dagen.

j. Gjestebrygga i Florø

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Gjestebrygga i Florø er ein av dei største gjestebryggene i gamle Sogn og Fjordane. Florø hamn KF kjøpte og overtok gjestebrygga 01.05.14 og står som eigar og er ansvarleg for drifta. Florø Parkering AS er ansvarleg for innhenting av vederlag ved bruk av kai, og bistår med dagleg tilsyn og kontroll i sesongen.

Gjestebrygga har ca. 150 gjesteplassar, avhengig av størrelse på båtane. Det er tillat med båtar opptil 50 fot.

Det er satt ut 1-2 1000l lukka container til restavfall reservert gjester på gjestebrygga. Disse står plassert ved servicehuset som ligger 40 meter frå landgangen til gjestebrygga. containerane er lukka med kodelås som gjester får tilgang til ved betaling av avgift. Sjå kart i vedlegg "4c". I høysesong vert det satt ut ekstra container etter behov.

Florø Parkering AS har ansvar for å følge tilsyn på dette, og bestiller tømming av container ved behov. Dette blir gjort gjennom avtale med Origod.

Det eksisterer elles ingen avfallsordning for farleg avfall/spesialavfall, og båteigar er sjølv ansvarleg for å samle og levere farleg avfall og spesialavfall til godkjent miljøstasjon. Det vert vurdert at dette behovet er lite, og vi formidlar kontaktinformasjon til mottakarar ved behov.

Avfallsordninga er finansiert gjennom inntektene på gjestebrygga, og er inkludert i dei faste avgiftene.

k. Botnastranda kai G

Hamneansvarleg:	Ørjan Storesund
E-post:	Orjan.storesund@kinn.kommune.no

Kai G på Botnastranda vert brukt som containerhamn, ventekai og som supplerer for offshoreskip. På denne kaia er det utplassert ein lukka container for restavfall som fartøya kan bruke. Denne vert tømt av avfallsmottakar. Ved levering av anna avfall enn restavfall, blir dette henta av Florø hamn KF og sortert på Fugleskjærskai.

Private industrihamner

a. EWOS avd Florø

Hamneansvarleg:	Rune Ryland
E-post:	Rune_ryland@cargill.com

EWOS-fabrikken i Florø er ein av Noregs største fôrfabrikkar, og har anløp av fôrbåter som lastar fiskefôr, og større bulkskip og tankskip som kjem med råvarer frå både norskekysten og frå utlandet. EWOS bruker Norsk Gjenvinning AS som renovatør.

b. Global AS avd Florø

Hamneansvarleg:	Roy Andre Berg
E-post:	rab@global.no

Global AS (tidligere Norway Pelagic avd. Florø) er eit moderne fiskemottak lokalisert i Gunhildvågen.

Global AS tar ikkje imot avfall ved denne kaia. Fartøya visast til Fugleskjærskai ved levering av avfall.

Hamneansvarleg:	Jan Are Brandsøy
-----------------	------------------

E-post:	Jan-are-brandsoy@felleskjopet.no
---------	--

c. Felleskjøpet avd. Florø

Felleskjøpet avd. Florø har eigen avfallsplan. Drifta ved kaia er lagt ned, og kaia vert per no berre brukt som ventekai.

Sunnfjord Drift AS er hovedleverandør for avfallstenester ved Felleskjøpet si kai. SAR AS vert brukt for oljeholdig retur og farleg avfall som må behandlast særskilt.

d. Westcon Yard Florø

Hamneansvarleg:	Bente Mari Frøysa
E-post:	Bente.froysa@westcon.no

Westcon Yard Florø er eit større verft som utfører reparasjonar, vedlikehald og modifisering av skip og rig, så vel som nybygging av offshore- og spesialfartøy.

Westcon Yard Florø har ein eigen avfallsplan. Norsk Gjenvinning AS er totalleverandør for alle avfallstenester ved Westcon Yard Florø.

e. Fjord Base

Hamneansvarleg:	Ingvild Hovland
E-post:	ingvild.hovland@fjordbase.no

Driftsselskapet Saga Fjordbase AS har eigen avfallsplan som vidare omtala. Fjord Base er ein forsyningsbase for oljeindustrien og ein effektiv hamneterminal for kystfart og utanriksfart. Skip som anløper Fjord Base er blant anna tankskip, bulkskip, stykkgodsskip, containerskip, ro-ro fartøy og offshore fartøy.

SAR Florø er lokalisert på Fjord Base og er totalleverandør for alle avfallstenester ved Fjord Base.

f. Slakteriet

Hamneansvarleg:	Ole Johan Eilertsen
E-post:	ole@slakteriet-as.no

Slakteriet AS er eit slakteri for oppdrettsfisk lokalisert i Florø hamn.

Slakteriet har anløp av brønnbåtar med slakteklar fisk og spesialbåtar for henting av ensilasje produsert av avskjer frå slakteprosessen.

I slakteriet sin avfallsplan er det avtalt med SAR Florø om levering av alt avfall frå bedrifta.

Slakteriet mottar ikkje avfall frå andre.

g. Norwegian Sandstone Export

Hamneansvarleg:	Marion Eck Ederveen
E-post:	laboratory@fjordstone.no

Norwegian Sandstone Export (NSE) har eigen avfallsplan. NSE si kai vert brukt som lastekai for sand og stein som vert frakta til både innland og utland.

SAR Florø er totalleverandør for alle avfallstenester ved Norwegian Sandstone.

5. Vedlegg

- a) Avviksskjema for påstand om utilstrekkelege mottaksforhold

Hamn (namn på hamn): _____

Hamneansvarleg: _____

Del A – Felles avfallsplan for offentlege hamner og industrihamner

Ev. ansvarleg for avfallshandtering _____

Frå kva krav eller kva lov / forskrift / intern prosedyre / instruks er det avvik?

Beskriv avviket: _____

Forslag til tiltak: _____

Avviket oppdaga (dato): _____, Skjema utfylt av: _____

b) Oversiktskart over hamna

Del A – Felles avfallsplan for offentlege hamner og industrihamner



c) Oversiktskart over Fugleskjærkaia, gjestebrygge og flytebrygge ved gamle Fisketorg.

